



Logoen er en kalligrafi av Marie Klever.

Motivet er fra sagnet om Sigurd

Formål for Sauherad Historielag

Sauherad Historielag har som føremål å arbeide for intere forståing for kommunens historie frå fyrste tid til i dag.



ÅRSMELDING FOR 2022

Styret og anna representasjon for 2022:

Etter opphald som følgje av pandemien, blei årsmøtet halde på Evju Bygdetun 29. mars 2022.

Etter valkomiteens forslag blei desse valt:

Eivind Lønheim, styreleiar (ikkje på val), Birgit Norendal, sekretær (ikkje på val), Toril Knutson, kasserar, (ikkje på val), Pål Toreid, (ikkje på val), Kirsti Hegna, (attval) og Olav Forberg (ny).

Ole Thor Ripegut, tok ikkje attval.

Varamedlem for 1 år: Peder Rekkedal (ikkje på val) og Nils Olav Haugen (ikkje på val).

Revisorar: Gunhild Kleven Ripegut (attval) og Mona Slaaen (attval).

Valnemnd: Audun Grane (ny) og Olav Morten Sauar (ny)

Evju Bygdetun har ansvaret for Sauherad lokalhistoriske arkiv. Torstein Fosstveit og Eivind Lønheim er historielagets representantar til arbeidsgruppa som organiserer arbeidet med arkivet. Toril Knutson er kommunens representant i arbeidsgruppa.

Historielaget er medlem av Midt-Telemark Museum. Eivind Lønheim er historielagets representant i styret, medan Torstein Fosstveit er personleg vararepresentant.

Historielaget er medlem av Landslaget for lokalhistorie.

Ole Thor Ripegut blei utnemnt til nytt æresmedlem i laget. Han blei berømta for langvarig og godt arbeid for Sauherad Historielag som medlem av styret frå 2011, og for stor innsats for frivilligheita på Nordagutu.

Medlemmer og æresmedlemmer

Talet på medlemmer pr. 31.12.2022 er 96.

Historielaget har 2 æresmedlemmer: Bjørn Holta og Ole Thor Ripegut.

Styret har hatt 3 styremøter i 2022, utover det har det vori jamleg kontakt på telefon og epost når det har vori naudsynt.

Styremedlemmer og andre medlemmer har arbeidd aktivt med følgjande prosjekt:

Kulturhistorie for Sauherad

Arbeidet med kulturhistoria har halde fram. Manuskriptet er ferdigstilt og blir nå gjort i stand til trykking. Dato for lansering blir i andre halvdel av 2023.

Sauherad-kalenderen er eit samarbeid med Nes og Saude Bygdetunlag og blir trykt i 500 eksemplar.

Vikingvegen er eit prosjekt i regi av Kulturarv i Vestfold og Telemark fylkeskommune for å løfte fram historia om aktiviteten frå Borre i Vestfold til Møsvatn på Hardangervidda. Gårhaug er del av prosjektet. Medlemmer av Sauherad Historielag deltok i rydding av den gamle kyrkjetomta i 2022.

Midt-Telemark Museum er etablert av Bø Museum, Bø Prestegard, Evju Bygdetun, Hørte Dampfarveri og Sauherad Historielag. Formålet er å styrke arbeidet med kulturarv i Midt-Telemark.

Økonomien i Sauherad Historielag er god.

Styret vil takke for godt samarbeid med medlemmene, andre interesserte og organisasjonar vi har aktiviteter saman med.

Gvarv, mars 2023

Eivind Lønheim, Birgit Norendal, Pål Toreid, Toril Knutson, Kirsti Hegna og Olav E. Forberg.
Sign.